

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER
Norge

Dykkar ref.:

17/4088-6

Vår ref.

Sak/dok.: 11/04457-15
Ark.: 326.12

Dato:

17.01.2019

Klage - Strandanipatunnelen/Strandanipetunnelen - Selje kommune

Me viser til vedtak om skrivemåten *Strandanipatunnelen* for eit tunnelnamn på fv. 633 i hovudutval for samferdsle i Sogn og fjordane fylkeskommune. Me vart kjende med dette vedtaket etter at Stadnamntenesta i Språkrådet gjorde oss merksame på det 15. januar i år, og me reknar difor klagefristen på 3 veker frå det tidspunktet.

Skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk er regulert av lov om stadnamn. Hovudprinsippet for normering er å ta utgangspunkt i nedervd uttale, og å fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd. I tillegg må ein ta omsyn til kva skrivemåtar som alt er registrerte som godkjende eller vedtekne i det offisielle registeret for stadnamn i Noreg, Sentralt stadnamnregister (SSR). Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn har meir detaljerte retningslinjer for korleis stadnamn skal normerast.

Eit rettskrivingsprinsipp i norsk er at bunden form av ord og namn fell bort når dei står som førelekk i ei samansetning. Dette inneber til dømes at dersom namnet *Strandanipa* skal stå i ei samansetning, bør skrivemåten vera *Strandanipe-* og ikkje *Strandanipa-*. Skrivemåten *Strandanipatunnelen* tilsvarar soleis at ein skreiv **vekaplan* i staden for *vekeplan*, noko som openbert ikkje er rett. I Selje kommune finn ein dei nedervde namna *Grøtnipa* og *Grøtnipevatnet*, noko som ville vera ein klar parallell til *Strandanipa* og *Strandanipetunnelen*. Me viser her til pkt. 6 i utfyllande reglar: *Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen*. Det er verdt å nemna at at Språkrådet òg tilrådde skrivemåten *Strandanipe-* med e i dette tunnelnamnet då dei fekk denne saka til tilråding, jf. brev av 07.09.2017 frå dei til Statens vegvesen.

På dette grunnlaget klagar Kartverket på vedtaket om *Strandanipatunnelen* etter § 10 i lov om stadnamn.

Vidare saksgang

Klaga frå Kartverket fell bort dersom fylkeskommunen endrar vedtaket slik me tilrår. I motsett fall må fylkeskommunen handsama saka som ved fyrste gongs handsaming med høyring lokalt og ny framleggjing for Stadnamntenesta, jf. § 10 siste ledd i lov om stadnamn. Dersom fylkeskommunen etter ferdig handsaming held fast på det opphavlege vedtaket, sender de saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som gjer eit endeleg vedtak.

Innmelding av vedtak i Sentralt stadnamnregister (SSR)

Vedtak som er gjorde etter lov om stadnamn, skal meldast inn av vedtaksorganet til Kartverket for registrering i Sentralt stadnamnregister (SSR), jf. § 12 i lov om stadnamn. Det er viktig å gjera for at stadnamnet skal vera søkbart i elektroniske søkjetenester, og for at det skal verta synleg på kartet. Me bed difor om at de melder inn framtidige vedtak til SSR utan ugrunna opphald etter at dei er gjorde, slik lova fastset.

Venleg helsing

Erlend Trones
namneansvarleg region vest

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Slinde Ellen Njøs
 Språkrådet